


Ut i naturen og inn i litteraturen

Garborgløypa er ei digital formidlingsløype i og omkring Knudaheio, Garborgheimen og Time kyrkje. Ho inneheld om lag 60 film- eller lydspor knytt til stadane der du finn skilta. Alle klippa har handling frå Arne Garborg sin litteratur eller livet hans.

Den delen av løypa som er utandørs, er tilgjengeleg året rundt. Vil du inn i diktarheimane eller i kyrkja, må du følgja opningstidene. Du kan òg bestilla ei omvising.

Slik gjer du:

1. Last ned ein QR-kodelesar til mobilen eller nettbrettet ditt (frå App Store eller Google Play).
2. Finn skilta med QR-kode på (merka med raudt på kartet).
3. Bruk appen til å skanna kodane (dei raude punkta på kartet). Du kan skanna så mange eller så få kodar du vil.



GARBORGLØYPA



Knudaheio - Garborgheimen - Time kyrkje

GARBORGSENTERET
JÆRMUSEET